

Kvartalsrapport 2011

1. kvartal

KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2011

Kvartalsrekneskapen er sett opp etter reglane i rekneskapslova av 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar. Utlånsforskrifta av 2004 er nytta i samband med vurdering av utlån og garantiar.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Resultatrekneskapen

Pr. 1. kvartal i 2011 har Tysnes Sparebank eit resultat etter skatt på 1,193 mill eller 0,52% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanlikna med same periode i 2010 er dette ein resultatnedgang på 0,409 mill.

Rentemarginen er 5,175 mill og utgjør 2,26% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Same tal for 2010 var 4,824 og 2,27%. Ein forventar låg rentemargin vidare både som fylgje av lågt rentenivå og konkurransetilhøva på utlåns- og innskotssida.

Netto provisjonsinntekter og andre driftsinntekter syner ein nedgang på 0,144 mill samanlikna med same periode i 2010 medan samla kostnader ekskl. tap på utlån syner ein auke på 0,816 mill. Tal for i fjor inneheld utbetaling på om lag 0,750 mill frå Terra i samband med tilbakebetalt meirverdiavgift på datatenester. Totale driftskostnader i perioden utgjør 72,8% av sum driftsinntekter mot 61,3% (73,1% ekskl. utbet. frå Terra) for same periode i fjor.

Tap på utlån er bokført med (0,005) mill så langt i år mot 0,035 mill i fjor. Styret gjer merksam på at eit mogleg tapsengasjement er identifisert. Ein går ut frå at tilhøyrande forsikringssak er avklåra innan avlevering av kvartalsrapport pr. 30/6. Banken har ikkje hatt tap på garantiar. Banken sin kredittrisikoprofil skal vera lav/moderat.

Brutto og netto misleghaldne engasjement (90 dagar og eldre) er redusert med 1,983 mill til 0,575 mill og 0,475 mill sidan årsskiftet. Etter reglane er då heile kundens

engasjement rapportert sjølv om berre ein mindre del av det er misleghalde. Brutto og nettotapsutsette ikkje misleghaldne engasjement er i same perioden auka med 0,062 mill til 5,019 mill og 2,684 mill..

Individuelle nedskrivningar og gruppenedskrivningar er uendra sidan årsskiftet. I same tidsrom er det inntektsført 0,060 mill som renteinntekt på lån med individuell nedskrivning.

Skatt på ordinært resultat pr. 31/3 2011 er berekna til 0,450 mill.

Balansen

Forvaltningskapitalen i Tysnes Sparebank er 928,977 mill pr. 31/3 2011. Dette er ein auke på 84,461 mill samanlikna med same periode i 2010 og ein nedgang på 1,328 mill sidan 31/12 2010.

Netto utlån til kundar er redusert med 2,474 mill sidan årsskiftet medan innskot frå kundar er redusert med 20,053 mill.

Obligasjonsbeholdninga, som i si heilhet er definert som anleggsmidlar, er redusert med 0,106 mill. sidan årsskiftet.

Ledige likvide midlar er plassert som innskot i andre bankar.

Eigenkapital

Banken har ein eigenkapital på 86,188 mill medrekna resultat for perioden. Dette gjev ein eigenkapitalprosent på 9,27.

Kapitaldekning

Frå og med 2008 gjeld nye reglar for kapitaldekning i samsvar med Basel II. Minstekrav til dekning herunder er 8%. Tysnes Sparebank har pr. 31/3 2011 ei kapitaldekning på 16,23% ekskl. resultat i perioden.

Uggdal, 26. april 2011
i styret for Tysnes Sparebank



Leif Magne Hovland
formann


Bente Raknes
nestformann


Vidar Høviskeland


Merete Flakke


Agnethe Brekke


Britt Ersvær


Siri Berggreen
banksjef

Resultatrekneskap

Beløp i heile tusen			% av gj.sn.forvaltningskapital			
31.03.2011	31.03.2010	31.12.2010	31.03.2011	31.03.2010	31.12.2010	
9.662	8.644	37.359	Renteinntekter og liknande inntekter	4,23	4,07	4,22
4.487	3.820	17.004	Rentekostnader og liknande kostnader	1,96	1,80	1,92
5.175	4.824	20.355	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	2,26	2,27	2,30
33	31	419	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,01	0,01	0,05
1.175	1.078	4.492	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,51	0,51	0,51
401	418	1.655	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	0,18	0,20	0,19
11	18	108	Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	0,00	0,01	0,01
26	279	355	Andre driftsinntekter	0,01	0,13	0,04
844	988	3.719	Netto andre driftsinntekter	0,37	0,46	0,42
6.019	5.812	24.074	Sum driftsinntekter	2,63	2,73	2,72
2.948	2.606	9.368	Løn og generelle administrasjonskostnader	1,29	1,23	1,06
225	104	1.495	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar	0,10	0,05	0,17
1.208	855	4.111	Andre driftskostnader	0,53	0,40	0,46
4.381	3.565	14.974	Sum driftskostnader	1,92	1,68	1,69
1.638	2.247	9.100	Resultat av ordinær drift før tap	0,72	1,06	1,03
(5)	35	561	Tap på utlån, garantiar m.v.	(0,00)	0,02	0,06
-	-	(1.524)	Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	-	-	(0,17)
1.643	2.212	10.063	Resultat av ordinær drift før skatt	0,72	1,04	1,14
450	610	2.668	Skatt på ordinært resultat	0,20	0,29	0,30
1.193	1.602	7.395	Resultat av ordinær drift etter skatt	0,52	0,75	0,84

Balanse

	Beløp i heile tusen		
	31.03.2011	31.03.2010	31.12.2010
Eignelutar	928.977	844.516	930.305
Kontantar og krav på sentralbankar	37.687	20.360	37.268
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar	5.068	18.709	4.968
Brutto utlån til og krav på kundar	833.107	765.541	835.581
- Nedskrivningar på utlån	9.735	9.935	9.735
Netto utlån til og krav på kundar	823.372	755.606	825.846
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	36.202	30.290	36.308
Aksjar, partar og grunnfondsbevis	6.926	5.495	6.926
Immaterielle eigneluter	-	392	-
Varige driftsmidlar	13.271	7.285	13.495
Andre eigneluter	14	36	16
Forskotsbetalingar og opptente inntekter	6.437	6.343	5.478
Sum eigneluter	928.977	844.516	930.305
Gjeld og eigenkapital			
Gjeld til kredittinstitusjonar	114.487	43.000	99.048
Innskot frå og gjeld til kundar	719.030	710.788	739.083
Anna gjeld	2.887	3.256	4.220
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	5.365	4.966	1.938
Avsetjing for påløpte kostnader og forpliktelsar	1.020	3.099	1.021
Sum gjeld	842.789	765.109	845.310
Opptent eigenkapital	84.995	77.805	84.995
Utdisponert overskot	1.193	1.602	
Sum eigenkapital	86.188	79.407	84.995
Sum gjeld og eigenkapital	928.977	844.516	930.305
Postar utanom balansen			
Garantiar	21.881	14.476	17.439
Bokført verdi av eigneluter stilt som sikkerhet for pantegjeld o l	36.152	25.226	36.258

Kvartalsvis resultat

Beløp i heile tusen

	1.kvartal 2011	4.kvartal 2010	3.kvartal 2010	2.kvartal 2010	1.kvartal 2010
Renteinntekter og liknande inntekter	9.662	9.883	9.567	9.265	8.644
Rentekostnader og liknande kostnader	4.487	4.645	4.366	4.173	3.820
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	5.175	5.238	5.201	5.092	4.824
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	33	-	11	377	31
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.175	1.259	1.122	1.033	1.078
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	401	423	440	374	418
Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	11	20	29	41	18
Andre driftsinntekter	26	25	25	26	279
Netto andre driftsinntekter	844	881	747	1.103	988
Sum driftsinntekter	6.019	6.119	5.948	6.195	5.812
Løn og generelle administrasjonskostnader	2.948	3.725	432	2.605	2.606
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar	225	1.184	104	103	104
Andre driftskostnader	1.208	1.785	843	628	855
Sum driftskostnader	4.381	6.694	1.379	3.336	3.565
Resultat av ordinær drift før tap	1.638	(575)	4.569	2.859	2.247
Tap på utlån, garantiar m.v.	(5)	373	55	98	35
Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	-	(384)	(4)	(1.136)	-
Resultat av ordinær drift før skatt	1.643	(564)	4.518	3.897	2.212
Skatt på ordinært resultat	450	68	1.300	690	610
Resultat av ordinær drift etter skatt	1.193	(632)	3.218	3.207	1.602

Noteopplysningar

Beløp i heile tusen

	31.03.2011	31.03.2010	31.12.2010
Tapskostnad			
Periodens endring i individuelle nedskrivningar	-	-	(200)
Periodens endring i nedskrivning av grupper av utlån	-	-	-
Periodens konstaterte tap på lån med tidlegare nedskrivning	-	-	530
Periodens konstaterte tap på lån utan tidlegare nedskrivning	-	41	304
Periodens inngang på tidlegare perioders konstaterte tap	(5)	(6)	(72)
Periodens tapskostnader	(5)	35	562
Herav periodens tap på garantiar	-	-	-
Endring i individuelle nedskrivningar			
Individuelle nedskrivningar pr. 01.01	2.435	2.635	2.635
Periodens konstaterte tap på utlån som tidlegare er nedskrivne	-	-	(530)
Auke i nedskrivningar	-	-	-
Nye nedskrivningar	-	-	400
Tilbakeførte nedskrivningar	-	-	(70)
Individuelle nedskrivningar ved utgangen av perioden	2.435	2.635	2.435
Herav spesifisert tapsavsetjing garantiansvar	-	-	-
Endring i gruppenedskrivningar			
Gruppenedskrivningar pr. 01.01	7.300	7.300	7.300
Endring i perioden	-	-	-
Gruppenedskrivningar ved utgangen av perioden	7.300	7.300	7.300
Herav uspesifiserte tapsavsetjingar garantiansvar	-	-	-
Misleghald			
Brutto misleghaldne engasjement (over 90 dagar)	575	3.013	2.558
Individuelle nedskrivningar	(100)	(100)	(100)
Netto misleghaldne engasjement	475	2.913	2.458
Tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement	5.019	5.244	4.957
Individuelle nedskrivningar	(2.335)	(2.535)	(2.335)
Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement	2.684	2.709	2.622
Kapitaldekning			
Berekningsgrunnlag kapitaldekning	507.362	459.350	507.129
Netto ansvarleg kapital	82.354	74.782	82.354
Kjernekapital	82.354	74.782	82.354
Kapitaldekning i prosent (eksklusive periodens resultat i perioderekneskapen)	16,23 %	16,28 %	16,24 %